

Årsrekneskap 2016 og Budsjett 2017 Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



Generelt

Vennelaget er ein ideel organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Dette er også naudsynt for å sikra fritak frå skatteplikt. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg ein viss risiko i samband med kulturarrangement. Me trur også at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein solid revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer arrangementa. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

Året 2016

2016 var eit nytt godt år for Vennelaget. Dette er me glade for, spesielt fordi det ikkje alltid er like enkelt å få arrangementa til å gå i balanse. Frå 2013 til 2016 har ca. 1/3 av dei gått med underskot medan dei andre har gjeve overskot. I 2016 var det spesielt eit arrangement som ga eit stort pluss i rekneskapet. Dette var medverkande til at me kunne bruka ca. kr 20.000 til utstyr som me treng for å kunna gjennomføra arrangementa på ein god måte. Av dette vart ca. kr 10.000 nytta til kjøp av varmevifter inkludert tilleggsutstyr. Dette kan brukast når det er kaldt under arrangement på løå. Av anna kan nemnast internettkabel oppe i løa, pledd, stor lysestake, gatebukker, betalingsterminal, barbord, barkrakker, elektriske julestjerner og lanterner.

Som det framgår er det billettsal og honorar til artistane som er dei store postane i rekneskapet. Det er også her det er størst økonomisk risiko. Dei andre postane har me større kontroll med sidan dei i stor grad kan tilpassast aktivitetsnivå og Vennelagets økonomi.

Ein stor honnør til Lunsjtreff-gjengane som driv ein flott dugnad for bygda. Ein ekstra pluss er det at dette gjev pengar i kassen til Vennelaget.

Mot slutten av året starta me med sal av løe-gåvekort. Me trur at dette kan styrkja arbeidet som Vennelaget driv og har fått gode tilbakemeldingar. Me vil takka for tipset.

Budsjett 2017

Budsjettet for 2017 er sett opp med utgangspunkt i 2016. Sidan Vennelaget har ei grei økonomisk støtpute til å takla uforutsette forhold har me kun budsjettert med eit lite plussresultat. Omsetninga er justert ned noko frå 2016 fordi me då hadde eit særst vellykka arrangement. Liknande kan me ikkje budsjettera med i år. Dei andre postane er tilpassa dette.

Budsjettet gjev retninga for 2017. I det daglege er det budsjettering/styring av dei enkelte arrangementa som har mest fokus. Det er imidlertid uråd å forutsjå korleis dei enkelte arrangementa vil gå. Me må difor vera åpne for å justera aktivitet og utgifter basert på utviklinga i løpet av året.